

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2. søndag i openberringstida - søndag 12. januar 2014

Preiketekst: Matt 3, 13-17

Lesetekst I: Jes 42,1–6

Lesetekst II: Apg 18,24–19,7

Døyppt for vår skuld

Ei endring i folket

Det at jødar går til Johannes for å verte døyppt, seier noko om ei endring i dette folket på denne tida. Den kjende fortolkaren William Barclay skriv dette: *"Aldri før i historia hadde nokon jøde erkjent behovet for å bli døyppt. Jødene kjende til og nytta dåp, men berre for proselyttar som kom inn i jødedomen frå ei anna tru. Det var naturleg at syndige og ureine proselyttar burde døypast, men ingen jøde hadde tenkt at han, eit medlem av det utvalgte folk, ein son av Abraham, nokon gong kunne ha behov for dåp. Dåpen var for syndarar, og jødane såg ikkje på seg sjølve som syndarar som var utestengde frå Gud. For første gong i si nasjonale historie innser no jødane si eiga synd og eit behov for Gud på grunn av si skuld. Aldri før hadde det vore ein slik unik nasjonal rørsle av anger og søking etter Gud."*

Etter at det har vore taust frå Herrens profetar i om lag 400 år, kjem altså menneske frå ulike kantar av Israel for å verte døyppte av Johannes. Hans profetiske bodskap og utsjånad konfronterte folket med syndene deira, og slik bana han veg for Jesu bodskap og teneste mellom det same folket. Som Johannes seier i Joh 1,31 «Eg visste ikkje kven han var, men for at han skal bli openberra for Israel, er eg komen og døyper med vatn».

Jesu dåp er første gong Jesus stig fram sidan forteljinga om han som 12 år gamal gut i templet, og denne hendinga markerer starten på hans teneste. Samtidig markerer den også starten på slutten av døyparen Johannes si teneste.

Det spesielle med Jesu dåp

Mange har sikkert tenkt: «Eg vil døypast slik Jesus vart døyppt». Til det er å seie: Det var aldri nokon slik dåp før Jesu dåp, og det vert aldri slik dåp etter Jesu dåp. Jesu dåp vil for all tid vere unik. Alle andre som vert døyppte, er ein del av ei fallen menneskeslekt, men Jesus Kristus var sann Gud og sant menneske og utan synd. Han steig ned i Jordan rein for synd, og han steig opp att rein for synd. Likevel skjedde det noko avgjerande, for Jesus steig opp av Jordan med noko han ikkje hadde før: Heile menneskeslekta si sydebør låg no på han. Johannes seier: «Sjå, Guds lam, som ber bort synda i verda!» (Joh 1,29) Våre synder vart lagt på Guds lam slik profetane hadde skrive om (Jes 53), og no starta vandrainga mot Golgata.

Lang vandring med tung sydebør

Det står om den første påske: «Tal til heile Israels-lyden og sei: På den tiande dagen i denne månaden skal kvar husfar ta seg ut eit lam, eitt lam for kvart hus. (...) Det skal vera eit lam utan lyte, av hannkjønn, årsgammalt. Eit lam eller eit kje kan de ta. De skal ta vare på det

til den fjortande dagen i denne månaden. Då skal heile Israels-lyden slakta det mellom dei to kveldstundene». 2 Mos 12, 3,5,6.

Den tiende dag skulle lammet takast ut. Om kvelden den fjortande skulle dei slakte det. Dei mellomliggende fire døgn skulle lammet vere i forvaring. Kvifor det? Kvifor ikkje slakte det den tiende dag, straks dei tok det ut?

I vers 5 heiter det: «Det skal vere eit lam utan lyte», det måtte vere feilfritt. Derfor måtte alle husfedre forvise seg om at det utvalde lammet var heilt lytelaust. Gud batt seg ikkje til blodet av noko anna lam. Den førstefødde si redning stod og falt med at lammet var fullkome. Desse fire døgn har derfor blitt nytta til å prøve og bedømme dette lammet.

Når det no stod om den førstefødde sitt liv og deira eiga frigjering frå Egypt, er det innlysande at dei tok saka veldig alvorleg. Når så den fjortande dag kjem, er han heilt viss på at det lammet han no slaktar, er utan lyte.

Desse fire døgn trur eg peiker på den tida då Kristus var utpeika for folket av Den Heilage Ande. Altså tida frå hans dåp og til han stod domfelt hos Pilatus. I heile denne tida var han iaktteken og prøvd. Og då han gjekk ut til Golgata for å døy, hadde han fått eit trefaldig vitnemål om å vere lytelaus.

Tre vitnemål om Jesus

Det første fekk han altså her ved Jordan. «*Og sjå, det høyrdest ei røyst frå himmelen: Dette er Son min, som eg elsker! Han som eg har hugnad i*» (Matt 3,17 – NB88). Her vedkjenner Gud seg, ikkje berre personen som Son, men heile det livet han hittil har levd på jorda fram til han no var om lag 30 år. Det er utan plett og utan lyte. Gud ser på han med inderleg glede.

Neste vitnemål får han av Pilatus. Joh 18,38: «*Pilatus seier til han: Kva er sanning? Og då han hadde sagt det, gjekk han ut att til jødane og sa til dei: Eg finn inga skuld hjå han*». Her er han teken i forhøyr for si lære og offentlege liv. Men landshøvdingen må erklære at han er lytelaus. På vegne av sitt høge embete sa han: "Eg finn inga skuld hjå han."

Tredje og siste vitnemål får han i Templet nettopp då han vert ført bort for å bli krossfesta. Det vart sagt av Judas. Matt 27,3-4: «*Då Judas, som sveik han, såg at Jesus hadde vorte dømd, angra han. Han kom attende til øvsteprestane og dei skriftlærde med dei tretti sølvpengane, og sa: Eg synda då eg sveik skuldlaust blod!*» Dette var vitnemålet frå han som hadde levd tett på Jesus i over tre år, og som ikkje hadde interesse av å framstille Jesus i eit gunstig lys. Han måtte likevel til slutt erkjenne sanninga om Jesus Kristus.

Tung veg for vår skuld

Alt dette starta ved Jordan og Jesu dåp, og det er hovedgrunnen for dei vel tre åra han vandra på jorda mellom dåp og himmelfart. Guds lam måtte vere fullkome, og det er derfor Jesus seier til Johannes: «Lat det no skje! Dette må vi gjera for å oppfylla all rettferd.» Lat oss takke og prise vår Frelsar som gjekk denne tunge vegen for vår skuld. Vi skal få legge vår syndebør ved Jesu kross, for Han er ei soning for alle våre synder. Tenk om nokon denne søndagen kunne invitere Jesus inn i sitt liv og ta del i dette vitnemålet: «Dette er Frelsaren min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

Erik Furnes

Generalsekretær i ImF (Indremisjonsforbundet)

e.furnes@imf.no